Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Fyresdal

Emne: Bryne. Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stokkenkaj. Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) I Fyresdal seier ein eit bryne.
Ordet heinn er lite kjend, men sume meinar det
ein gong har vore ordet for eit sers hardt bryne.

2). Ennå vil ein helst ha eit godt Eidsborg-
bryne. Av slike var det elles mange slag. Var ein
sløg ein ikkje vel etta kunde ein få eit som var for
hardt. Dei beste brynene var småprikkute
og vart kalla „lusebryne", dei var passe blaute
og sers gode. I gamal tid kom kremarar
frå Eidsborg med lass med bryne. Sume kom om
hausten og tinga bert, og så kom dei med dem
når det var vetterføre. Det har også vore krema-
rar som hadde ei byrd med bryne i ei bakmeis
og reiste kring på støylane og selde til slåtte-
folket. Sidan kom det eidsborgbryne på kram-
budene her i bygda.

3) Har ein ein fin slipestein kan ein slipe all
slag egg på den, jamvel rakeknivar. Men det
skal ein flink kar til det.

4) Her går segner om den tida då ein ikkje
slipte ljåen og ordet brynsleljå er kjend. Men
å fastslå nokon tid for skiftet er ikkje godt.
Eg trur likevel at slipesteinane kom i bruk

318

i tida millom 1800 og 1820. (I eit klagemål til kongen 1788 nemner böndane i Arendalsvasdraget at dei for tömmeret ikkje får kontante pengar men må ta til takke med brennevin og andre varor, og millom desse er slipestein nemd.)
Her går fleire rön om bynsleljar, men ikkje noko som veit å fortelja kva skilnaden er millom ein bynsleljå og slepeljå, og heller ikkje om dei nytta serskildt smieste til ~~x~~ å bynne. Bynninga gjekk helst for seg ~~xx~~ heime på garden, men det hövde at dei hadde med seg ste i marka også. ~~I Borggrenn~~
Ovanfor Kröne ved Borggrenn er ei myr som heiter Ljågrånmyra. Her var det for 40-50 år sidan ei stor grån. Under denne [hadde det vore vanleg] ~~var det vanleg~~ å ha standane eit smieste der dei bynna medan dei slog i heia [fortalte ein gamal]. Å bynne var ei stor kunst. Ein slåttekar som kunde ~~xt~~ bynne skulde ha 2 skilling meir om dagen enn andre
5) Om Senne veit ein lite å fortelle. Dei fleste vil vite at senne var eit stort bryne som skulde ligge fast. Dette gjorde ein ved å felle eit bryne inn i ein stokk. På denne skulde så ljåen eller kva det kunde vere strykes fram og attende.
Vanlegvis stod slipesteinen heime på garden, men det har nok hövd at ein tok steinen med seg når det var svært langt av garde. Nokor fast skikk med dette har det ikkje vore.
6) Om dette kann ikkje noko fast seggast. Det kom av so mangt, korleis marka er, kor flink slåttekaren er, og kor god ljåen er.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



7) Attåt det vanlege brynet hadde ein druke ein stjukerstikke. Den skulde helst vera gjort av eik, ein gjekk over eggen med den etter bryninga. Eik veks ikkje i Fyresdal, så det måtte førast inn.

Ein laga også eit bryne av ein vedstikke. Det skulde vera av hard ved, helst eikeål. Ein tok for seg den glatte stikken og hakket tett i tett med ein knivsodd. Etterpå tok ein fin sand og gneid over. Ein slik stikke kunde på eit vis hjelpe for eit bryne.

8) Ein tar ljåen av orvet når ein slipar. Ljåbladet er fest til orvet med ein reim, som ein ~~tam~~ strammer med ein tund kile. Ein held for det meste ljåen (kniven) med eggen frå seg mot steinen. Men er steinen slik at det kan sprute småstein av den må ein heller halde eggen mot seg for ikkje å få steinsprut i auge, um ein ikkje har briller på.

9) Når ein vil bryne ein langorvsljå setter ein orvet mot bakken. Ein stuttorvsljå held ein med orvet millom lårene.

10) Brynet ber ein i ein bryneskopp. Den vart i gamle dagar gjort av oreved, med ei og fletning utanpå av never. eller med band av einerved. I den seiste tid har det ~~vor~~ vore i bruk bryneskopper av blikk. (Eg har også høyrt ordet ei garpe for skopp men eg trur det var helst det var eit slags humoristisk laget ord)

11) Ukjent her

12) Skoppen heng i ein krok i ein ring i beltet bak på ryggen. Det er same som ber det ved rida også.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13) Både naturstein- og kunsteinsbryne vert fukta med vatn. Olje eller tjupu nyttast ikkje til bryning.

14) Mjölet av slipestein kallast slipegrot av bryne: brynesadde.

15) Brynesadde og slipegrot blir murt på brotsår på hester*. Det er mogleg at dette er ein skikk kome frå Amerika. Annat bruk av brynesadde ukjendt.

16) Både eit hardt bryne eller ein hard slipestein, meinar folk, skal verta linnere ved å ligge nedgravd i jord eller i vatn. Men det gjekk seint. Det skulde mange år til skulde det ~~bl~~ verba bra.

—,—

Ved bryninga her ~~str~~ stryker ein ~~bre~~ steinen varsamt nedover på skrå mot eggen. Ein og skaper tak for tak på kvar side



Ljåen ikkje mykje låt under bryninga og det er vel grunden til at her er ingen tradisjone om at brynet skulde ha talt.



På Ringsaker der eg var 1906-8 strauk dei brynet langs med ljåen i takt tri tak etter kvarandre ~~på~~ ~~vekk~~ vekselsvis på kvar side eller takten eit lett tak frå seg.

eit lett tak mot seg.

eit tungt tak frå seg.

På denne vis kunde ein få ljåen til å syngje. Eg höyrde fleire regler av „ljå-stubber" men de var alle temmelig uanstendige, så de vanskelig kan gjengjevast her. Følgende kan fortseljast:

318
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Slåttefolket på prestegarden hadde ikkje fengje slåttedrammen ein dag. Då gjekk dei opp på tunet og sette seg alle opp og til å bryne det beste dei kunde så det blei eit fælt spetakkel. Då kom presten farande ut med flaska i neven og sang etter bryninga „du skal få! du skal få! du skal få!" (regle frå Ringsaker hoyt 1907).

Fyresdal mars 1947.

E. Stoltenberg.

Tillegg.

Det hender når det er turveir i slåtten at det sett seg mykje „plantesaft" på ljåen. Dette må vaskast vel av før ein kan bryne.

Når eit bryne ikkje vil taka vel gnir ein det mot ein stein so flata vert meir ru.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
318

i tiða millom 1800 og 1820.